

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 15.11.2017
Vår ref.: 2017/14135-2
Saksbehandlar: heilars
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Invitasjon til dialogmøte for 'Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022'

Samrådsgruppa for 'Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022' inviterer til dialogmøte den 7. desember. Deltakarar i Samrådsgruppe er, Innovasjon Norge, Fylkesmannen si landbruksavdeling, Opplæringsavdelinga Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga Hordaland fylkeskommune, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og småbrukarlag. Målet med dialogmøtet er å sikre at temaplanen adresserer dei utfordringane som er viktigast for landbruket i Hordaland, legg til rette for nytte moglegheitene innan landbruket i Hordaland og presenterer innsatsområder som bidreg til å nå måla i temaplanen. Dialogmøtet skal opne for gode diskusjonar og gje rom for eit bredt spekter av innspel og erfaringsdeling. Utgreiingane som er gjort i tilknytning til temaplanen vil bli presentert.

Hovudmålet i 'Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022' vil vere, styrke lønnsemd i Hordalandslandbruket, auke produksjon på lokal ressursar og betre rekruttering til landbruket. For å nå desse måla vil planen ta føre seg følgande tema: 1. Auka lønnsemd i nåverande produksjonar, 2. Areal- og ressursgrunnlag, 3. Kompetanse og rekruttering, 4. Klima, grønt skifte, bioøkonomi og andre drivarar for endring.

I fylkestinget si handsaming av Regional planstrategi, desember 2016, vart det vedteke at 'Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017' skal reviderast i 2017 og at 'Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering og utdanning i landbruket 2011-2015' mogleg skal reviderast i 2017. Dei nemnte dokumenta samlast i eit dokument som skal heite 'Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022'. Dette blir ein temaplan med heimel i regional planstrategi og regional næringsplan. 'Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022' skal handsamast i Fylkestinget 6/7 mars 2018.

Dialogmøtet blir i Skrivarstua i Hotel Augustin. Møtet er gratis. Det vert servert lunsj. [Påmelding her innan](#) den 4. desember.

Utkast til temaplan for landbruk i Hordaland vil bli sendt ut til dei påmelde den 4. desember. Spørsmål om temaplan eller dialogmøtet kan rettast til Heidi Bjønnes Larsen på heilars@hfk.no eller 99613868.

På vegne av Samrådsgruppa

Mette Nora Sætre
Næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.